
Saksnr: 2020/72075-1
Saksbehandlar: Sigrid Næsheim Bjercke
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		21.10.2020
Fylkesutvalet		29.10.2020

Innspel til arbeid med – Ny handlingsplan for universell utforming

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ber Kulturdepartementet merke seg vedteke innspel i sitt vidare arbeid med ny handlingsplan for universell utforming.
2. Vestland fylkeskommune legg vekt på at strategiske arbeidet med universell utforming skal vere politisk forankra på alle nivå og etterlyser større grad av medverknad i arbeidet med ny handlingsplan for universell utforming.
3. Fylkeskommunen har eit stort nedslagsfelt og moglegheit til å til å mobilisere og koordinere arbeidet med universell utforming. Vi ber om at ny handlingsplan for universell utforming gir fylkeskommunane eit klarare mandat og auka ressursar til å samordne og drive kompetansearbeid med universell utforming på regionalt nivå.
4. Vestland fylkeskommune peikar på verdien av vidare satsing på kartlegging. Det gir oversikt over behov og grunnlag for systematisk arbeid for å sikre tilgjengelegheit for alle i eksisterande bygg, friluftsområde, bygder og byar.
5. Vestland fylkeskommune ber om at universell utforming vert styrka innan utdanning, for å sikre kompetanse innan fagområdet i offentleg og privat sektor i framtida.

Samandrag

Universell utforming er premiss for å legge til rette for inkluderande samfunn, som er del av hovudmål i Utviklingsplan for Vestland og våre ansvarsområde innan regional utviklingsarbeidet. Vestland fylkeskommune er kjend med at Kulturdepartementet koordinerer arbeidet med ein ny handlingsplan for universell utforming. Handlingsplanen er ikkje lagt ut på offentleg høyring. Det er opent for å sende eventuelle innspel direkte til departementet. Vestland fylkeskommune har innspel til ny handlingsplan.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Innspel til handlingsplan for universell utforming 24.09.2020

Saksutgreiing

Bakgrunn

Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune, legg til grunn at Vestland skal vere eit inkluderande samfunn med mål om *Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping og Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland*. Universell utforming er viktig premis for å nå måla.

Fylkesrådmannen er kjend med at Kulturdepartementet koordinerer arbeidet med ein ny handlingsplan for universell utforming, men varsel om oppstart av planarbeidet og invitasjon til innspel er så langt ikkje lagt ut på open høyring.

Vestland fylkeskommune følgjer opp ei satsing på universell utforming frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune, nedfelt i Regional plan for folkehelse Hordaland og Sogn og Fjordane sin kulturplan. Fagområdet vedkjem ei rekke av fylkeskommunen sine ansvarsområder og fylkesrådmann har difor teke initiativ til å utarbeide innspel til ny nasjonal handlingsplan for universell utforming. Saka er resultat av samarbeid mellom avdelingane SUD-strategisk utvikling og digitalisering og KII-Kultur og idrettsavdelinga.

Innspela frå Vestland fylkeskommune har bakgrunn i våre erfaringar knytt til universell utforming innan våre ulike oppgåver og ansvarsområde og Bufdir sin rapport med evaluering av dei tidlegare handlingsplanane. Rapporten er utført av Proba samfunnsanalyse på bestilling av Bufdir, gir etter vårt syn god innsikt i ulike problemstillingar knytt til universell utforming og korleis handlingsplanane har fanga dei opp.

Fylkesrådmannen støttar opp om konklusjonane som vert oppsummert i kap. 8.1 og kap. 8.2. i rapporten, og ber om at dette vert lagt vekt på i det vidare arbeidet med ny handlingsplan.

I kap. 8.3. vert det gjort følgjande anbefaling for den kommande planen:

1. Auka politisk engasjement i utforminga av planen.
2. Auke kunnskapen om kostnader og effektar av ulike tiltak som grunnlag for prioriteringar.
3. Auka satsing på kompetanse.
4. Etablering av tiltak i utdanningssektoren.

Fylkesrådmannen meiner at desse anbefalingane er tydelege og godt argumentert for, og vil i det vidare utdjupe tema.

1. Auka politisk engasjement i utforminga av planen.

Noreg har komen langt i høve til mange andre land når det gjeld implementering av universell utforming i lovar og regelverk jmf Likestillings- og diskrimineringsloven, Plan og bygningslova og TEK17 m.m. Ein ny handlingsplan bør bidra til at innsats vert retta mot område der vi enno ikkje har nådd vedtekne mål. Gjennomføring av og kompetanse om universell utforming bør vere del av eit strukturelt arbeid, slik at det ikkje vert lagt på individnivå å fremja sin rett der ein erfarer nedsett funksjonsevne på grunn av ulike barrierar og hindringar.

Fylkeskommunane sitt samfunnsutviklar oppdrag er breitt. Mellom anna skal dei vere ein mobiliserande og koordinerande aktør overfor kommunane, og ha kontakt med alle kommunane innan plan, folkehelse, kultur, næring, idrett og friluftsliv, opplæring, tannhelse, kollektivtransport, vegforvaltning m.m. Universell utforming famnar alle sektorane, men gjennomgåande opplever vi at det manglar strukturelt og målretta arbeid med fagfeltet universell utforming i fylkeskommunar og kommunar. Når evalueringsrapporten viser til at det er lite dokumentasjon knytt til verknad av satsing på universell utforming er dette kjent.

Det strategiske arbeidet med universell utforming bør i større grad vere politisk forankra for å sikre kontinuitet og felles mål. At regjeringa vel ei lukka prosess, i hovudsak retta mot andre departement ved utarbeiding av handlingsplanen, bidreg ikkje til dette, og sikrar ikkje medverknad av menneske med erfaringar og behov knytt til universell utforming. Dette står i sterk motsetnad til Kommunal- og moderniserings-departementet si rettleiar 2008, om medverknad i planprosessar.

For å oppnå større politisk forankring av arbeidet med universell utforming bør det vere ei brei høyring av handlingsplanen som også involverar dei folkevalde i kommunar og fylkeskommunar i tillegg til ei tydeleg invitasjon til innspel og deltaking frå organisasjonar og enkeltmenneske.

Auke kunnskapen om kostnader og effektar av ulike tiltak som grunnlag for prioriteringar.

Fylkeskommunen har eit stort nedslagsfelt og moglegheit til å til å mobilisere og koordinere arbeidet med universell utforming, men i dag er det ikkje overført øymerka midlar til det strategiske arbeidet i fylkeskommunane. Det er opna for at vi kan søkje om tilskot frå Bufdir på lik linje med kommunane. Til dømes fekk Vestland nær 200 000,- til kompetansearbeid i 2020. Med desse midlane arrangerer vi mellom anna fylkessamling for dei kommunale eldreråda og RMNF, med kompetanseheving innan universell utforming. Vi reknar at det vert omlag 400 deltakarar, frå 36 av 43 kommunar. Slik rekker vi langt med avgrensa midlar, men det gir inga kontinuitet og satsinga vert oppstykkja frå prosjekt til prosjekt.

Arbeidet med universell utforming kan bli organisert på fleire måtar. Til dømes har Rogaland og Nordland fylkeskommunar oppnådd mye i sin satsing på folkehelse. Begge fylkeskommunane har tatt rolla som koordinator, støtte og pådrivar etter partnerskapsmodellen. Dei to fylkeskommunen har lukkast med å gi folkehelsearbeidet prioritet og kommunane har på sin side forplikta seg til å arbeide breitt med folkehelse i sine organisasjonar og tenestetilbod. Dette kan vere ein modell å arbeide etter også i innan universell utforming, det sentrale er at arbeidet har kontinuitet og er langsiktig.

Det er eit stort behov for kartlegging av universell utforming i offentlege bygg og i uteområda, særleg ved skular og barnehagar. Dette gjeld også manglande tilgjengelegheit i friluftsområde for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er viktig at alle menneske har moglegheit til å delta i samfunnet i størst mogeleg grad, og offentleg sektor bør ligge i front i dette arbeidet. Det vert allereie arbeidd med kartleggingar i kommunar og fylkeskommunar, og dette arbeidet bør styrkast.

Ved kartlegging vil kostnader og behov for prioriteringar og samkøyring av tiltak kunne gi kommunen betre mogelegheit til å prioritere mellom tiltak og sjå tiltak i samanheng. Dette vil skape raskare utbetring av eksisterande barrierar og vere rasjonelt økonomisk. Statens kartverk har gode etablerte ordningar knytt til kartlegging av mellom anna friluftsområde, byer og tettstader. Ved å legg opp til ei enno tettare samhandling mellom fylkeskommunane og kartverket på dette området, ser vi at ein kan oppnå større synergjar av satsinga, knytt til offentlege bygg, tilrettelegging av friluftsområde og by og stadutvikling for alle.

Eit anna døme som bør få ei breiare tilnærming i høve til universell utforming er verknaden av at offentlege tenester vert digitaliserte - undersøking gjort i Hordaland knytt til kollektiv i 2018 syner at mange grupper møter barrierar for samfunnsdeltaking på dette området. Her er det behov for meir kompetanse og gode prosessar knytt til medverknad med menneske med nedsett funksjonsevne.

Det er behov for eit klarare mandat og ansvar for å samordne og mobilisere det strategiske arbeidet med universell utforming. Til dømes bør tilskot og rapportering skje på regionalt nivå. Dette var praksis fram til rundt 2014/15 då arbeidet blei lagt til Bufdir frå Kommunaldepartementet. Fylkeskommunen forvaltar i dag ei rekke tilskotsordningar innan samfunnsutvikling, folkehelse, kultur og næring. Ved at fylkeskommunen får ansvar for forvaltning av tilskotsordningane knytt til universell utforming vil det kunne bidra til tettare samhandling med kommunane på området, og til tettare oppfølging og nytte av lokalt engasjement og kunnskap i det regionale arbeidet på tvers av sektorar og kommunegrenser.

Auka satsing på kompetanse.

Fylkeskommunen si rolle

Kommunane, oppgir manglande kompetanse som ei barriere for å få til universell utforming. Kompetanseheving kan skje til dømes gjennom nettverksarbeid, kursing, rådgjeving og informasjon.

Fram til nå har nettverk knytt til universell utforming primært vore på nasjonalt nivå. Hordaland og Sogn og Fjordane, og no Vestland fylkeskommune, har vore del av nettverket og har hatt stor nytte av det, men det har ei stor slagside ved at få kommunar og fylkeskommunar er representert. I dag

er det om lag 60 kommunar og fylkeskommunar som er medlem i det etablerte nettverket. Følgjeleg er resten av dei 356 kommunane og 11 fylkeskommunane ikkje med. Vi erfarer også at sidan deltakarane i hovudsak ikkje sit i leiande stillingar er vidare forankring i eiga organisasjon krevjande. Vi ser også teikn til at arbeidet med universell utforming i for stor grad er avhengig av eldsjeler, og ikkje del av eit strukturell satsing drive fram av overordna leiing i kommunar og fylkeskommunar. Når nøkkelpersonar sluttar i organisasjonen er det ikkje etablerte system for å sikre at kompetansen vert erstatta ved ny tilsetjing.

For å auke kompetanse i kommunane bør ansvar for dette organiserast på regionalt nivå for å fanne fleire kommunar. Regional satsing vil vinne på lokal kjennskap og korte avstandar. Til dømes vil regionale nettverk kunne skape meir synergjar i og mellom kommunane og mellom samarbeidsaktørar både i lokalt organisasjonsarbeid og på tvers av sektorar. Kjennskap og mogelegheit for fleire møtepunkt er føremon for å utvikle robuste fagmiljø over tid. Universell utforming vedkjem alle kommunen sine ansvarsområde og det er viktig å mobilisere breitt, for å unngå at det berre er ein eller to nøkkelpersonar i ei kommune med denne kompetansen.

Planlegging

Rettleiar til §12-1 Byggteknisk forskrift (TEK17) seier at - Intensjonen bak krava om universell utforming bygger på prinsippa om likeverd og like moglegheiter for alle til å delta i samfunnet. - Gjennom lovverk og forskrifter har Norge slik etablert en overbygning for å legge til rette for universell utforming i våre bygde omgjevnader. Likevel har kommunane eit viktig handlingsrom, særleg i kommuneplanens arealdel. Ved å sikre at universell utforming vert vurdert i alle plantema vil ein få betre kvalitet på løysingane og hindre at det vert eit tillegg til slutt, etter at alle andre val er gjort.

Fylkeskommunen har som oppgåve å rettleie og bistå kommunane i deira planleggingsoppgåver. Når Bufdir sin kartlegging av universell utforming i kommuneplanar viser til at det berre er 10,5% av kommunane som har dekkja tema i arealdelen syner dette at både kommunane og fylkeskommunane manglar både medvit og kompetanse på området og det er trong for at begge nivå vert styrka på sine ansvarsområde.

Etablering av tiltak i utdanningssektoren.

Kompetanse innan skule og utdanning er eit eiga felt, og vi oppmodar til at også dette vert fokusert på i handlingsplanen. Haldningar og kunnskap heng tett saman, og det er vesentleg at ein ikkje berre lærer om korleis, men også kvifor, for å få på plass gode funksjonelle og estetiske løysingar.

Satsing på universell utforming i utdanningssektoren er også vesentleg for å sikre tilfang av ny kompetanse og kontinuitet i det langsiktige arbeidet med faget. Vestland fylkeskommune har god erfaring med samarbeid både med Høgskulen på Vestlandet og BAS - Bergen arkitektskole, og ser at dette det er stort potensiale for vidare utvikling av fagfeltet og stor interesse blant studentar. Dette er neste generasjon som skal implementere dei overordna måla om likeverd og like moglegheiter for alle til å delta i samfunnet.

Konklusjon

For å nå mål i utviklingsplan for Vestland bør det strategiske arbeidet med universell utforming vere politisk forankra på alle nivå. I samband med arbeidet med ny nasjonal handlingsplan for universell utforming bør det vere ei brei høyring, som også involverar dei folkevalde i kommunar og fylkeskommunar.

For at fylkeskommunane skal kunne ta eit større ansvar for universell utforming bør det bli gitt eit klarare mandat og ansvar for å samordne og mobilisere arbeidet med fagfeltet på regionalt nivå og tilstrekkeleg økonomiske ressursar til å utøve oppgåva.

Organisering av og tilskot til kartlegging av eksisterande bygg, friluftsområde, bygder og byar gir oversikt over behov og grunnlag for systematisk arbeid for å sikre tilgjengelegheit for alle, og må halde fram.

Det er behov for auka kompetanse knytt til universell utforming på alle nivå. Satsing på universell utforming i utdanning er vesentleg for å sikre kontinuerleg arbeid innan fagområde og tilfang av kompetanse i offentleg og privat sektor for framtida.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagt innspel til ny handlingsplan for universell utforming vert vedteke og sendt til Kulturdepartementet som innspel til arbeidet med ny handlingsplan for universell utforming.